




Dokumenttype:	Forfatter:	Godkjent av/dato:	Versjon:
Rutine	Skorgenes, Frank	25.11.2024 / Håseth, Rune	31.0

Beredskapsplan Vestnes kommune

Administrativ del, kapittel 1 - 3





Dokumenttype:	Forfatter:	Godkjent av/dato:	Versjon:
Rutine	Skorgenæs, Frank	25.11.2024 / Håseth, Rune	31.0

Innhold

Administrativ del, kapittel 1 - 3	1
1.1 Generelt	3
1.2 Katastrofar og ulykker	3
1.3 Redningstenesta i Noreg	3
1.4 Kommunen sitt ansvar og oppgåver	4
1.5 Mål for beredskapsplanlegginga	4
1.6 Opplæring	4
1.7 Fullmakter gitt frå kommunestyret	5
1.8 Overordna beredskapsplan	5
1.8.1 Oversikt over fagberedskapsplaner i Vestnes kommune	5
1.8.2 Oversyn over andre offentlege eller private kriseplanar	6
1.9 Den sivile kriseleiinga	6
1.10 Ajourhald av planverk	7
1.11 Systemansvarleg	7
2. Etablering av kommunens kriseorganisasjon	7
2.1 Generelt	7
2.2 Kriseleiinga	7
2.2.1 Samansettinga av kriseleiinga	7
2.2.2 Kriseleiingas oppgåver	8
2.2.3 Kriseleiinga sine lokale og kommunikasjon	9
2.3 Etablering psykososialt kriseteam	9
2.4 Beredskapsråd	9
2.4.1 Beredskapsrådets samansetning	9
2.4.2 Beredskapsrådet sine oppgåver	10
2.5 Etablering av kriselogg	10
3. Plan for informasjon, befolkningsvarsling og krisekommunikasjon	10
3.1 Målsetnad	10
3.2 Informasjonsplanar og prinsipp	10
3.3 Organisering	11
3.4 Informasjonsleiaren sitt ansvar og oppgåver	11
3.5 Presse-, informasjonssenter og publikumstenesta	12
3.6 Plan for befolkningsvarsel	12
3.7 Elektronisk varsel	12
3.8 Informasjonstelefon	12



Dokumenttype:	Forfatter:	Godkjent av/dato:	Versjon:
Rutine	Skorgenæs, Frank	25.11.2024 / Håseth, Rune	31.0

Innleiing

1.1 Generelt

Katastrofar, alvorlege ulykker og svikt i samfunnsnyttige system avslører ofte at samfunnet ikkje er godt nok førebudd på å handtere vanskelege situasjonar tilfredsstillande. Sjølv mindre forstyrningar resulterer ofte i vesentlege tap for menneske, miljø eller verksemdar. Med enkle midlar vil mange slike situasjonar kunne unngåast.

Naturkatastrofar har vi alltid vore nøydd å leve med. I tillegg har den tekniske og økonomiske utviklinga ført til ei stadig aukande mengd uønskte hendingar som brannar og eksplosjonar, miljøforstyrningar, driftsforstyrningar, driftsstans og forsyningssvikt.

1.2 Katastrofar og ulykker

Dei mest sannsynlege hendingane er omhandla i den heilskaplege ROS-analysen for Vestnes kommune som første gong vart godkjend i kommunestyret 06.02.2014, og siste gong feb/mars 2023. Det utvalet av risikoar som der vart vurdert var følgjande:

A	Naturrisiko	E	Brannvern og redning
B	Farlege stoff og farleg gods	F	Forureining
C	Energiforsyning	G	Kommunal beredskap
D	Sårbare objekt	H	Risikoar utanfor kommunen

I dei fleste hendingane vil redningstenesta i Noreg, som vert leia av politiet og vidare består av brannvesen, industrivern, forsvaret, sivilforsvaret mfl. ha kapasitet til å handtere situasjonen.

Om det skulle oppstå ein omfattande ulykke- eller katastrofesituasjon, og dei ordinære ressursane ikkje strekk til, kan kommunen bli engasjert i rednings- og oppryddingsaksjonar. Dersom slike situasjonar oppstår, vil det bli stilt store krav til innsats frå dei ramma kommunane, også ut over det å stille ressursar til disposisjon.

1.3 Redningstenesta i Noreg

Ved større ulykker er det viktig at alle krefter vert sette inn i ein samordna innsats for å avgrense skadeverknadane. Normalt er det den sivile redningstenesta, leia av politi eller det kommunale brannvesen som rykker ut og handterer brannar, ulykker og andre uhell. Den sivile redningstenesta i Noreg er tufta på ansvarsprinsippet, nærleiksprinsippet, likeheitsprinsippet og samhandlingsprinsippet, og er eit samvirke mellom fleire offentlege etatar, frivillige organisasjonar og private selskap med ressursar innan redningstenesta. Dei fire prinsippa kan definerast slik:

- **Ansvarsprinsippet:** Den myndigheit, verksemd eller etat som til dagleg har ansvaret for eit område, har også ansvaret for nødvendige beredskapsførebuingar og for den utøvande tenesta ved kriser og katastrofar. Dette ansvaret omfattar også å planlegge korleis funksjonar innanfor eige ansvarsområde skal kunne oppretthaldast og vidareførast dersom ei ekstraordinær hending inntreffer.
- **Likheitsprinsippet:** Den organisasjonen ein opererer med under kriser skal være mest mogleg lik den organisasjon ein har til dagleg. Likeheitsprinsippet er en utdjuping av ansvarsprinsippet; ei understreking av at ansvarsforholda internt i verksemdar/organisasjonar og mellom verksemdar/organisasjonar ikkje skal endrast i samband med krisehandtering.
- **Nærleiksprinsippet:** Kriser skal handterast organisatorisk på et lavast mogleg nivå. Den som har størst nærheit til krisen, vil vanlegvis være den som har best føresetnader for å forstå situasjonen og dermed er best kvalifisert til å handtere den. Nærleiksprinsippet må også sjåast i samheng med ansvarsprinsippet. Ei krise innanfor ein kommune eller ei verksemd sitt



Dokumenttype:	Forfattar:	Godkjent av/dato:	Versjon:
Rutine	Skorgenæs, Frank	25.11.2024 / Håseth, Rune	31.0

ansvarsområde er det i utgangspunktet kommunen eller verksemda sitt ansvar å handtere. Nærleiksprinsippet gjeld ikkje ved sikkerheitspolitiske kriser.

- *Samvirkeprinsippet* stiller krav til at myndigheit, verksemd eller etat har eit sjølvstendig ansvar for å sikre eit best mogleg samvirke med relevante aktørar og verksemder i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering.

For at ein samla skal kunne utnytte dei tilgjengelege ressursane ved ei større hending vert det etablert lokal redningssentral (LRS) i det aktuelle politidistriktet, under leing av politimeisteren. Ved andre og mindre hendingar er det politiet som stiller med innsatsleiar og har skadestadsleiinga. Dersom ikkje politiet er til stades så er det brannsjefen eller brannsjefen sin nestleiar som er innsatsleiar. Dette er heimla i brann- og eksplosjonsvernlova § 12 c. Dersom det er større hendingar, vert hovudredningssentralen (HRS) koplå inn, uavhengig av om hendinga er på land eller til sjøs.

Kommunane er etter Sivilbeskyttelsesloven §§ 12, 14, 15, 17 og 18 pliktig til å stille ressursar til rådvelde for redningstenesta når dei vert bedne om dette. Ressursane kan vere brannvernmateriell og personell, teknisk materiell og utstyr, helse og omsorgsressursar, oljevern og hamnemateriell, bygningar, lokalitetar, køyretøy osv.

1.4 Kommunen sitt ansvar og oppgåver

Kommunen sitt ansvar i ein krisesituasjon er å delta i arbeidet med skadeavgrensande tiltak for å sikre menneske, miljø og økonomiske verdiar. Det kan og vere situasjonar der kommunen sjølv er ansvarleg for å handtere hendingar. Dette kan vere i samband med smitteutbrot osv. Andre oppgåver som kommunen kan få ansvar for å handtere i ein krisesituasjon kan vere:

- Ta hand om skadde personar
- Omsorg for personar som har vore utsette for store påkjenningar
- Assistanse ved evakuering av personar frå eit utsett område
- Innkvartering av personar eller redningsmannskap
- Informere om situasjonen i kommunen og gje rådgeving i samråd med politi
- Forpleiing eller anna forsyningsstøtte

1.5 Mål for beredskapsplanlegginga

Formålet med denne beredskapsplanen er å sikre at kommunen i størst mogleg grad skal kunne ta hand om sikkerheit og tryggleik for dei som bur og ferdast i kommunen, og at kriseleiinga skal ha eit verktøy for å kunne reagere rasjonelt og effektivt i kritiske situasjonar, med bakgrunn i mellom anna kommunen si heilskaplege ROS-analyse. Kommunen skal arbeide systematisk og heilskapleg med samfunnssikkerheit. Kommunens overordna beredskapsplan skal samordne og integrere andre beredskapsplanar i kommunen. Den skal og vere samordna med andre relevante offentlege og private krise- og beredskapsplanar. *Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4.*

1.6 Opplæring

For at ein skal kunne handtere ei hending på best mogleg måte, skal alle i kriseleiinga kjenne til kommunen si overordna ROS-analyse, og dei skal kunne bruke denne beredskapsplanen. Dette vil seie at alle som har, eller kan få, roller i kriseleiinga skal ha opplæring.

Kriseleiinga skal øvast på relevante oppgåver minst ein gong pr. år. Innhaldet i øvingane kan og bør varierast, men skal vere relevant med tanke på kva for hendingar som kan oppstå. Statsforvaltaren si årlege øving "Fårikål" er eit godt døme.



Dokumenttype:	Forfatter:	Godkjent av/dato:	Versjon:
Rutine	Skorgenes, Frank	25.11.2024 / Håseth, Rune	31.0

1.7 Fullmakter gitt frå kommunestyret


Kriseleiinga kallast inn og omfanget tilpassast dei ulike hendingane eller krisesituasjonane. Det er ved uønskte hendingar viktig at ein kan gå breitt ut for å avverje eller avgrense skadar og unødige følgeskadar på personar, dyr, miljø og materielle verdiar.

For at kriseleiinga i Vestnes kommune skal kome i gang med nødvendige oppgåver har ordføraren fått fullmakt til å nytte inntil 2 000 000,- for å avverje eller avgrense skade (kommunestyrevedtak den 21. juni 2001, sak nr. 0037/01). Fullmakta er gitt med heimel i kommunelova.


1.8 Overordna beredskapsplan

Kommunale myndigheiter har ansvar for at det vert gjort beredskapsførebuingar innan dei ulike kommunale verksemdar, samt eit generelt ansvar for befolkninga sitt ve og vel i ein krisesituasjon. *Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 1.*

Ein overordna beredskapsplan i kommunen er eit nødvendig hjelpemiddel for å kunne reagere rasjonelt og effektivt i kritiske situasjonar. Faste rapporteringsrutinar frå einingar i kommunen skal etablerast. Revisjon av planen skal skje ein gong pr. år av beredskapskoordinator, og revisjonen skal godkjennast av kommunedirektøren. Kravet til beredskapsplan er heimla i *Sivilbeskyttelsesloven § 15.*



Overordna beredskapsplan



Fag-beredskapsplanar som eksempelvis brannvern, institusjonar, skule og barnehage

1.8.1 Oversikt over fagberedskapsplaner i Vestnes kommune

Her vert dei sist kjende reviderte fag-beredskapsplanane lista opp.

Fag-beredskapsplanar i Vestnes kommune			
Plan for avdeling	Ansvarleg	Lagra	Sist revidert
Stella Maris	Greta Bjerke		
Heimesjukepleia	Elisabeth Sylte		
Hellandtunet	Nina A Naastad	Ivartun	
Tekniske tenester			
Eining for eigedomsdrift			
Brannvesenet	Frank Skorgenes	Risk Manager	2023
Brannvesenet - skogbrann	Frank Skorgenes	Risk Manager	2018
Brannvesenet - oljevern	Frank Skorgenes/RIUA		
Psykososial kriseplan	Sabine R Bredeli	Legesenter	2014
Helseberedskapsplan	Monica Beinset	Helse og omsorg	(2020)
Smittevernplan	Sabine Relling Bredeli	Legesenter	2022
Atomberedskapsplan	Frank Skorgenes	Risk Manager	2022
Evakuerings- og pårørandesenter	Frank Skorgenes	Risk Manager	2018
Kommunikasjonsplan			Under arbeid
Skular og barnehagar			
NAV	Tale Skjeggstad	NAV Vestnes	



Dokumenttype:	Forfatter:	Godkjent av/dato:	Versjon:
Rutine	Skorgenæs, Frank	25.11.2024 / Håseth, Rune	31.0

1.8.2 Oversyn over andre offentlege eller private kriseplanar

Her vert dei sist reviderte beredskapsplanane for andre offentlege og private aktørar, samt frivillige organisasjonar, lista opp:

Ikkje-kommunale fag-beredskapsplanar i Vestnes			
Plan for organisasjon, firma eller foreining	Ansvarleg	Lagra	Sist revidert
Statens vegvesen - Naturfareplan	Runar Inge Larsen		2022
Sivilforsvaret	Kjetil Nilssen	Molde/internett	
Molde og Romsdal hamn	Manglar		
ROR IKT	Manglar		
Vard Langsten	Pål Viken	Vard Langsten	
Veøy Buss	Bjørn Sigurd Wadsten		
Tresfjord Røde kors	Hilde Brandshaug Vikås	Tresfjord Røde Kors	
Redningselskapet	Bertil Holen	Ålesund	2014
Heimevernet			

1.9 Den sivile kriseleinga


Ved store ulykker eller katastrofar vil det, parallelt med den sivile redningstenesta, bli etablert eit kriseleiarhierarki på sivil side, dvs. under det utpeika leiardepartementet via aktuelt fagdirektorat, statsforvaltarane og kommunane.

Hos Statsforvaltaren vil det ved store ulykker eller katastrofar bli etablert ein krisestab direkte under Statsforvaltaren si leining. Denne kan operere døgnet rundt.

Statsforvaltaren sin krisestab har ingen operative oppgåver innanfor den sivile redningstenesta, men skal kunne ta imot, effektuere eller vidareformidle spørsmål om eventuell støtte. Krisestaben skal snarast råd, etter at den er etablert, ta kontakt med kommunane i fylket og etablere samband.

Kommunen skal straks orientere Statsforvaltaren om den situasjonen som har oppstått, utviklinga og elles om det er tiltak kommunen ønskjer iverksette frå Statsforvaltaren sin side.

Skissa under viser korleis kriseleinga på sivil side er organisert i Noreg. Leiardepartementet vil eksempelvis kunne vere Justis- og beredskapsdepartementet, og fagdirektorat kan då vere Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB). Det kan og vere andre departement og direktorat alt etter kva hending eller katastrofe det gjeld.





Dokumenttype:	Forfatter:	Godkjent av/dato:	Versjon:
Rutine	Skorgenes, Frank	25.11.2024 / Håseth, Rune	31.0

1.10 Ajourhald av planverk

Beredskapskoordinator i Vestnes kommune skal, saman med kommunedirektøren, følge opp beredskapsplanen slik at den vert oppdatert minst ein gong pr. år eller ved behov. Revidert planverk sendast Møre og Romsdal politidistrikt OPS208@politiet.no

1.11 Systemansvarleg

Systemansvarleg for at den overordna beredskapsplanen blir halden a jour, er beredskapskoordinator, som ved siste revisjon er:

Rolle	Namn	Telefon	Epost
Beredskapskoordinator	Frank Skorgenes	991 69 798	frank.skorgenes@vestnes.kommune.no

2. Etablering av kommunens kriseorganisasjon

2.1 Generelt

Kommunen sin kriseorganisasjon består av kommunen si kriseleiing og beredskapsrådet. Kriseleiinga skal bestå av nokre faste sentrale personar i kommunens leiing og administrasjon, samt Einingsleiarar og andre fagpersonar som vert kalla inn etter behov. Det er til ei kvar tid kriseleiinga som har fullmakt til å ta operative avgjerder.

Kriseleiinga i Vestnes kommune skal koordinere og leie dei kommunale tiltaka når ei uønskt hending eller ei krise oppstår. Dette vil seie at kriseleiinga vert sett når hendinga er av ei slik art eller omfang at den ikkje kan løysast av den daglege administrative leiinga.

Dei 6 fyste i lista over medlemmar i kriseleiinga står på varslingslista for e-post på beredskap@vestnes.kommune.no, i tillegg til at Administrasjonssjef, ordførar og beredskapskoordinator mottok SMS-varsel. Ved uønskete hendingar vert desse personane kontakta, og det vert vurdert om leiinga skal samlast, samt kven som skal kallast inn. Det er utarbeidd eige tiltakskort for samling av kriseleiinga i [kap 7.1](#).

Beredskapsrådet er i tillegg til kriseleiinga eksterne ressursar som kan nyttast i ulike hendingar. Det vil vere ei målsetting å kunne samle beredskapsrådet ein gong i året, slik at det kan kome med innspel på tillegg og revidering i ROS-analysen og beredskapsplanen. Kven av deltakarane som vert kalla inn i uønskete hendingar vil variere med situasjonen.

2.2 Kriseleiinga

2.2.1 Samansettinga av kriseleiinga.

Stedfortredar for medlemmane i kriseleiinga vil vere dei som har den aktuelle funksjonen, eller den personen som Kommunedirektøren peikar ut.

Kriseleiinga i Vestnes kommune			
Rolle	Namn	Rolle	Namn
Ordførar, pressetalsmann	Randi Bergundhaugen	Politi	Ragnhild Aas
Kommunedirektør	Rune Håseth	IKT-ansvarleg	
Varaordførar	Bjørn Inge Olsen	Rådgevar	Reidun Bjølverud
Kommunalsjef personal	Rune Håseth/Ronny Engan	Kommuneoverlege	Sabine R Bredeli
Kommunalsjef samfunn og samhandling	Helene Øvrelid	Einingsleiar tekniske tenester	Emil Balstad
Beredskapskoordinator	Frank Skorgenes	Kommunalsjef helse/omsorg	Monica Beinset
Kommunalsjef oppvekst	Ronny Engan	Brannsjef	Frank Skorgenes



Dokumenttype:	Forfatter:	Godkjent av/dato:	Versjon:
Rutine	Skorgenæs, Frank	25.11.2024 / Håseth, Rune	31.0

2.2.2 Kriseleiingas oppgåver

Kriseleiingas oppgåver	
Rolle	Oppgåve
Ordførar	<ul style="list-style-type: none">• Pressekontakt• Uttale seg på vegne av kommunen, med vekt på empati overfor dei ramma• Varaordførar erstatter ordførar ved behov
Kommunedirektør	<ul style="list-style-type: none">• Operativ leiar ved hendingar• Vurdere kva for ressursar som skal nyttast• Halde kontakt med LRS, politi og innsatsleiar• Halde kontakt med eige innsatspersonell og ev. liaison ute på skadestaden
Varaordførar	<ul style="list-style-type: none">• Ordføraren sin stedfortredar
Kommunalsjef personal og org. Utvikling	<ul style="list-style-type: none">• Administrasjonssjefen sin stedfortredar• Halde oversikt over og disponere ressursar i staben/avdelingane• Logistikk
Kommunalsjef samfunn og samskaping	<ul style="list-style-type: none">• Koordinator tekniske tenester og eigedomsdrift• Logistikk evakuering• EPS-senter
Beredskapskoordinator	<ul style="list-style-type: none">• Koordinator og sekretær• Loggføring i RAYVN• Støtte til dei andre i kriseleiinga• Logistikk
Kommunalsjef oppvekst	<ul style="list-style-type: none">• Kommunalsjef personal og org.utvikling sine oppgåver i kriseleiinga - foreløpig• Koordinator skule og barnehage• Følgje opp ROS-analysar og beredskapsplanar innanfor eigen sektor• Iverksette informasjon mot pårørende etter avtale med administrasjonssjefen
Kommunalsjef helse og omsorg	<ul style="list-style-type: none">• Koordinator helse og omsorg• Følgje opp ROS-analysar og beredskapsplanar innanfor eigen sektor• Iverksette informasjon mot pårørende etter avtale med administrasjonssjefen
Einingsleiar tekniske tenester	<ul style="list-style-type: none">• Følgje opp beredskapsplan for tekniske tenester• Følgje opp beredskapsplanar for hamner• Halde oversikt over ROS-analysar i avdelinga og følgje opp desse• Kartverk• Ansvar for mannskapa i avdelinga
Brannsjef	<ul style="list-style-type: none">• Fagleg støtte ved brannar eller andre uhell og redningsaksjonar• Ansvar for oljevernberedskap• Ansvar for brannmannskapa i aksjon• Beredskapskoordinator
Rådgjevar	<ul style="list-style-type: none">• Rådgjevar for kommunens IKT-system, også ved uønskete hendingar. ROR-IKT
Rådgjevar sentraladministrasjonen	<ul style="list-style-type: none">• Publikums- og pressekontakt• Loggføring i RAYVN• Informasjon til publikum
Kommuneoverlege	<ul style="list-style-type: none">• Følgje opp eigne ROS-analysar og beredskapsplanar• Ansvar for psykososialt kriseteam
Politi	<ul style="list-style-type: none">• Liaison. Bindeledd mellom Politi og kommunens kriseleiing.



Dokumenttype:	Forfatter:	Godkjent av/dato:	Versjon:
Rutine	Skorgenes, Frank	25.11.2024 / Håseth, Rune	31.0

2.2.3 Kriseleiinga sine lokale og kommunikasjon

Kriseleiinga samlast i formannskapssalen som er kommunen sitt krisesenter. Formannskapssalen er eit av dei romma på kommunehuset som har prioritert straum frå naudaggregat, og derfor tenleg til formålet. Ved samanfallande møteverksemd har kriseleiinga førsterett på rommet.

Det skal i formannskapssalen til ein kvar tid vere følgjande utstyr tilgjengeleg.

- Utstyr for å få kobla PC til smartskjerm
- Loggførar må ha med eigen PC for loggføring i RAYVN
- Whiteboard tavle med tusjer
- Antenneuttak for satellitt-telefon
- Antenneuttak for TV
- Høgtalar og mikrofonanlegg for elektroniske møter.

Alle i kriseleiinga har eigne mobiltelefonar samt berbar PC. Beredskapskoordinator har tilgjengeleg to satellitt-telefonar. Brannvesenets samband kan nyttast til ein viss grad, om ikkje dei er i aksjon.

2.3 Etablering psykososialt kriseteam

Psykososialt kriseteam i Vestnes kommune skal aktiverast dersom akutte hendingar utløyser behov for omsorg og psykososiale støttetjenester som er større enn det som kan tilbydast og organiserast gjennom fastlegen og dei ordinære tenestene.

Psykososialt kriseteam vert etablert på eige initiativ frå medlemmane i gruppa, etter initiativ frå Politi, vakthavande lege, ambulansepersonell, innsatsleiar brann eller AMK-sentralen. I tillegg kan ordførar eller administrasjon i kriseleiinga syte for at gruppa vert etablert. Det er utarbeidd eige [tiltakskort](#) for etablering av gruppa, og i tillegg er det eigen [kontaktliste](#) i kap. 6.

Psykososialt kriseteam samlast i foajeen på Stella Maris, i tråd med «Plan for psykososialt kriseteam i Vestnes kommune».

2.4 Beredskapsråd

2.4.1 Beredskapsrådets samansetning

Beredskapsrådets samansetning kan endrast av kommunedirektøren ved den årlege revisjonen av beredskapsplanen.

Beredskapsrådet i Vestnes kommune			
Firma eller organisasjon	Namn	Firma eller organisasjon	Namn
Sivilforsvaret	Kristina Bjerkeli	Sokneprest	John Sylte
Tenestestadsleiar Politi	Variabelt Aas/Hilde	Nordvest Nett	Johannes Huse
Tresfjord Røde Kors	Representant	Representant vassverka	
		Ordførar	Randi Bergundhaugen
Heimevernet	Jon-Ola Wattø	Beredskapskoordinator	Frank Skorgenes
Tekniske tenester – kartverk	Emil Balstad	Komm.sjef samfunn og samskaping	Helene Øvrelid
Komm.sjef helse	Monica Beinset	Kommunelege	Sabine R Bredeli
Komm.sjef oppvekst	Ronny Engan	Informasjon	Reidun Bjølverud



Dokumenttype:	Forfatter:	Godkjent av/dato:	Versjon:
Rutine	Skorgenæs, Frank	25.11.2024 / Håseth, Rune	31.0

2.4.2 Beredskapsrådet sine oppgaver

Beredskapsrådet har ikkje noko formelt mynde som organ, då dette ligg til kriseleiinga. Hensikta med rådet er derimot å samle ulike instansar i kommunen for å diskutere lokale beredskapsmessige spørsmål og utfordringar. Rådet er meint å ha ein nettverksbyggande funksjon, og er ein møteplass der deltakarane kan diskutere samarbeidsformer på tvers av organisasjonane med tanke på beredskap. Jamnlege møte i rådet vil gjere sitt til at dei sentrale aktørane i beredskapsarbeidet i kommunen vert kjende med kvarandre, samt med planverk og arbeidsmetodar til dei andre. Slik gjensidig kunnskap kan vere ein avgjerande faktor for eit vellykka samarbeid når ei uønskt hending oppstår. Ordføraren er møteleiar for beredskapsrådet.

2.5 Etablering av kriselogg

Kommunen har tilgang på DSB sitt krisehanderingsverktøy RAYVN. Dette er eit nettbasert program for registrering av uønskte hendingar, samt logging av korleis dei uønskte hendingane vert handtert. Loggen kan ikkje lesast av andre enn dei som har fått tildelt brukarnamn og passord, men Statsforvaltaren kan logge seg på slik at dei kan følgje logginga og utviklinga i ei uønskt hending.

I [vedlegg 9.1](#) er det forklart korleis ein loggar seg inn på RAYVN, samt korleis ein fører logg i systemet.

Dersom det ikkje er tilgang på internett, slik at RAYVN ikkje er tilgjengeleg, er det laga ein manuell logg i [vedlegg 9.2](#)

3. Plan for informasjon, befolkningsvarsling og krisekommunikasjon

Dette kapitlet vert supplert av ein eigen kommunikasjonsplan.

3.1 Målsetnad

Kommunen skal ved kriser kunne informere media, eigne tilsette og innbyggjarane i kommunen på ein effektiv, offensiv og tilfredsstillande måte, slik at informasjonsvakuum ikkje oppstår. Dette skal ivareta kast av kriseleiinga. Med dei informasjonskanalane som er i dag er det viktig at riktig informasjon kjem tidleg ut.

Alle offisielle pressemeldingar, pressekonferansar og presentasjonar på kommunens heimesider skal avklarast av administrasjonssjef og ordførar, med mindre anna er avklart eller delegert. Dette skal i så fall klarerast for kvar krisehending.

Planen dekkjer først og fremst hendingar av eit slikt omfang at kriseleiinga vert samla, men for hendingar av mindre omfang vil dette apparatet kunne assistere einingar, avdelingar eller verksemder etter behov.

3.2 Informasjonsplanar og prinsipp

For å sikre at informasjonen som kjem frå kommunen i ei krise når fram til rett mottakargruppe og gir den ønska effekten, bør kriseleiinga tenke gjennom desse momenta før ein meir detaljert informasjonsplan utblir utarbeidd:


- *Kven har ansvar for å handtere hendinga?* Det vil i mange høve vere andre enn kommunen som har ansvar for å handtere ei hending, samtidig som kommunen har sentrale støtteoppgåver i hendinga. Typisk vil det vere LRS/politiet som har innsatsleiinga i ei hending, og det er då viktig å avklare ansvarsforholda slik at rett informasjon kjem frå rett mynde. Det er ein god regel at ein ikkje uttalar seg om det ein ikkje har ansvar for.
- *Kven er målgruppa for informasjonen?* Ein hending kan ramme heile befolkninga, eller berre einskilde mindre grupper av befolkninga. Det er viktig å formulere informasjonen på ein slik måte at den når målgruppa. Alder, bakgrunn, språk og kulturelle forskjellar må takast med i ei slik vurdering.



Dokumenttype:	Forfatter:	Godkjent av/dato:	Versjon:
Rutine	Skorgenæs, Frank	25.11.2024 / Håseth, Rune	31.0

- *Kva for media kan nyttast til informasjonsformidlinga?* Kommunen vil normalt ha eit godt oversyn over kva for media som er tilgjengelege for naudsynt informasjon, men det er viktig å velje medium ut frå kven ein ynskjer å nå, og kva ein ønskjer å oppnå. Aktuelle media kan vere kommunens heimeside, facebook og andre sosiale medier, SMS, UMS, e-post, flygeblad, post, aviser, radio og TV, oppslag m.m. Det vil til dømes vere vanskeleg å nå eldre via sosiale media, men ein kan få betre dekning via TV og radio.
- *Kva ønskjer ein å oppnå med informasjonen?* Det er viktig å ha klart for seg kva føremålet med informasjonen er. Er det å få mottakarane til å gjere noko, eller vil ein at dei skal halde seg passive til anna informasjon vert gitt. Dette vil bestemme utforminga av informasjonen og val av media.

3.3 Organisering



3.4 Informasjonsleiararen sitt ansvar og oppgåver

Informasjonsleiararen skal leie og etablere kommunens informasjonsteneste i samsvar med “Plan for informasjon og krisekommunikasjon”.

Informasjonsleiarar kallar inn mannskap etter behov.

Arbeidsoppgåver:

- Innhente opplysningar om situasjonen og rapportere vidare til kriseleiinga
- Informere om farlege situasjonar som kan oppstå, og bidra til å hindre ytterlegare skade
- Informere om helsemessige og sosiale høve, ressursituasjon, energispørsmål, kommunikasjon osv. i samråd med kriseleiinga
- I samråd med politi og kriseleiing
 - gje informasjon til publikum/pårørande under og etter krise
 - gje informasjon til innbyggerane om situasjonen
 - gje media informasjon om planlagd pressekonferanse
 - vidareformidle pressemeldingar frå kriseleiinga
 - vise personar frå media til presse- eller opphaldsrom i påvente av ny informasjon
 - informere eigne tilsette
 - sette i verk etablering av infotorg



Dokumenttype:	Forfatter:	Godkjent av/dato:	Versjon:
Rutine	Skorgenæs, Frank	25.11.2024 / Håseth, Rune	31.0

- Svare på spørsmål frå publikum på ein korrekt, effektiv og omsynsfull måte, og syte for at berre informasjon som er godkjend av kriseleiinga vert gitt.
- Vidareformidle viktige opplysningar frå publikum til kriseleiinga for loggføring.
- Medieovervaking, og vidareformidling av relevante funn til kriseleiinga.

3.5 Presse-, informasjonscenter og publikumstenesta

Bemanning presse og informasjonssenter		
Namn	Ordinær funksjon	Funksjon ved etablering
Reidun Bjølverud	Rådgjevar sentraladministrasjonen	Informasjonsleiar
Hilde Rekdal	Saksbehandlar	Informasjonsmedarbeidar

Lokalar og kommunikasjon – pressesenter		
Adresse, bygning og lokalar	Telefonar, telefaks, epost mm.	
Kommunestyresalen vert nytta til pressekonferansar	Telefonnummer internt	
	Telefonnummer direkte	
	Telefonnummer sentralbord	71 18 40 00
	E-postadresse	postmottak@vestnes.kommune.no
For kontaktinfo lokal presse sjå kap. 6.8 varslingsliste s. 19		

3.6 Plan for befolkningsvarsel

- Internett
 - Heimeside
 - Facebook
- Media
 - Lokalnytt som radio og TV
 - Aviser
- SMS/UMS. Kommunen har system for lokasjonsbasert innbyggjarvarsel via SMS.
- Informasjonspostar på strategiske punkt på skulane i kommunen. Postane skal kunne etablerast på Fiksdal skule, Tomrefjord skule, Helland skule og Tresfjord skule. Det er Einingsleiarane ved skulane som har ansvaret for å etablere informasjonspostane etter pålegg frå kriseleiinga.
- Informasjon på døra med hjelp av ordonansar.

3.7 Elektronisk varsel

3.8 Informasjonstelefon

Det vil i samband med større hendingar vere eit stort behov blant publikum for å skaffe seg informasjon. For at den daglege drifta i administrasjonen og på servicekontoret skal kunne vidareførast kan det etablerast ein informasjonstelefon som publikum kan ringe for å få informasjon om hendinga. Mobiltelefonen vi i desse tilfella skal bruke er lagra i servicekontoret og har telefonnummer 480 97 210.

Telefonen skal bemannast av personale med informasjon om hendinga. Det er utarbeidd eget tiltakskort samt loggskjema for oppfølging av spesielle hendingar.